

## Referat frå møte om revisjon av Sundsbarmkonsesjonen, Seljord 17.12.2012

### Frammøtte

Magne Skarprud, Anne Cecilie Kirkevold, Olav Bjørn Bakken, Helge Kiland.  
Jørn Ingar Sanda og Torunn Raftevoid Rue hadde meldt forfall.

### Oversikt over revisjonssaka

Helge hadde laga ein ny oversikt over dei vassførekomstane som blir berørt av konsesjonen. Revisjonssaka vil i tillegg til Sundsbarmreguleringa også gjelde reguleringa av Seljordsvatn (konsesjon frå 1944). Ein gjennomgang i høve til Vann-nett viste at det var behov for ein del justeringar, både når det gjeld oversikten til Helge og det som er lagt inn i Vann-nett. Det galdt:

- Sommarvasstanden i Seljordsvatn og Seljordsvatn som flaumdemping
- Registrerings/målepunkt for minstevassføring i Ofteåi og Morgedalsåi/Ruskedalsbekken
- Fleire vassførekomstar utan minstevassføring (Sandsetåi, Øvre Bjåenåi, Rindebekken, Nedre Grovenåi, Kvennvassåi, Selvassbekken og Mjåvassbekken)
- Kivleåi (blir Finndalsbekken ført over til Sundsbarmmagasinet etter Hovuddukfossen?)
- Eutrofiering/attgroing i Oftevatn og Morgedalsåi
- Pålegg frå NVE om tiltak i Vallaråi
- Frostrøyk i Bø og Sauherad

### Organisering

- Ein gjeng inn for å behalde styringsgruppa som ho er, med representasjon frå kommunane Seljord, Kviteseid og Tokke og frå Midtre Telemark vassområde. Seljord kommune er formell oppdragsgjevar
- Bø kommune har i samband med arbeidet i vassområdet signalisert at dei ikkje synes det er føremålstenleg å ta opp Sundsbarmkonsesjonen til revisjon. Anne Cecilie orienterer styringsgruppa for vassområdet og spør korleis dei vil vera representert
- Regulanten blir invitert til samarbeid

### Arbeidsplan

- Helge tek kontakt med Sundsbarm kraftverk/Skagerak Kraft og bed om eit møte der regulanten presenterer det dei har om vassdraget. Styringsgruppa blir også invitert til møtet
- Regulanten blir beden om å oppnemne ein fast kontaktperson
- Det blir sendt ut informasjon til lokalaviser og kommunane om oppstart av arbeidet med å få opna revisjonssak
- Det blir invitert til grendemøte i Høydalsmo, Morgedal, Seljord og Åmotsdal
- På grunnlag av det som blir registrert på møta og av innkomne reaksjonar og uttaler lagar Faun Naturforvaltning framlegg til krav om opning av revisjonssak
- Undervegs skal det leggst vekt på å halde alle godt orientert om saka



Helge Kiland